

# - Førebels høyring kostar og seinkar

SIGBJØRN LINGA

Kommunedelplanen for Kvam kan verta send på ei førebels høyring som kostar 100.000 kroner – før ho vert lagt ut til offentleg ettersyn «på skikkeleg».

Rådmannen ser helst at formannskapet sender planen på formell høyring i møtet onsdag. Men i eit alternativt framlegg til vedtak går han under tvil god for ei førebels høyring, som er etterlyst av Geoplan AS og Kvamskogen næringslag.

Den ekstra runden vil krevja ressursar til endring av plandokumentet, og rådmannen føreslår difor å henta inn pengane i 3. tertial. Truleg må 100.000 kroner til, seier han. Dessutan vil høyringa seinka

anna planarbeid – inkludert handsaming av private reguleringsplanar.

– Planprosessen kan lida under eit demokratisk underskot – at organisasjonar m.v. som har særleg interesse i planarbeidet, ikkje i tilstrekkeleg grad har fått delteke. Slik sett kan ei førebels høyring vera rett, vurderer rådmannen.

Dersom politikarane godtek seinkinga, vert planframlegget tilgjengeleg for folk flest på nettsidene til heradet. Fristen for å koma med merknader vert 30 dagar. Deretter må dokumentet handsamast av formannskapet igjen, før det vert høyring i tråd med plan- og bygningslova.

Hordaland Folkeblad  
03. september 2004